



ÅRSMELDING FOR 2025

Ål frivilligsentral
Ål ungdomsfrivilligsentral



Drift og økonomi

Styret for 2025:

Leiar Ida Marie Holen (2024-2026)
Nestleiar Karen-Margrethe Erlandsrud (2025-2027)
Ingvard Solberg, styremedlem (2025-2027)
Trond Kleppen, styremedlem (2025-2027)
Liv Daykin, eldrerådsrepresentant (2024-2027)
Kaja Liahagen, ung representant (2024-2026)

Vararepresentantar:

Inger Tveitehagen (2025-2027)
Elsebet Nilsen (2024-2026)
Margit Jordet (2025-2027)

Representant til 17. mainemnda:

Torunn Røer (2024-2026)

Tilsette:

Dagleg leiar Turid Hilde Gåsbakk - 100 % stilling
Aktivitetsleiar Simen Bjerke - 100 % stilling
Ungdomsarbeider Victor Pavenson Peter - 30 % stilling fram til 1.8.2025
Ungdomsarbeider Hendrik Silassen - 30 % stilling frå 23.9.-11.11.25
Ungdomsarbeider Birgit Trinrud - 30 % stilling frå 11.11.25
Tilkallingsvikarar på BUA - 3 ungdommar

Dagleg leiar har personalansvar for tilsette ved Ål ungdomsfrivilligsentral, og rapporterer direkte til rådmannen.

Økonomi:

KUD har gitt statstilskot på kr 479.612 pr. sentral for 2025. For å få statstilskot, må kommunen dekke minimum 40 % av driftsbudsjettet. e

Ål ungdomsfrivilligsentral har søkt midlar frå ulike stiftelsar/fond, og fått kr 241.000 til barn/unge og BUA for 2025. Ål frivilligsentral har søkt midlar frå ulike stiftelsar/fond/NFS og fått kr 43.237. I tillegg har sentralane fått kr 50.000 frå Hallinghelse gjennom Buskerud fylkeskommune til prosjektet ABC for god psykisk helse. ABC står for å gjere noko aktivt saman og meningsfylt.

Ål frivilligsentral og Ål ungdomsfrivilligsentral har felles styre. Dei mottek ikkje styrehonorar.

Aktivitet og møteplassar som vert sett i gang, skal i utgangspunktet vere til sjølvkost. Vi har hatt kostnad på husleige av Sundrehall til bruk av ungdomsklubb for heile 2025 som er betalt frå frivilligsentralane og rådmannen sitt budsjett.

Stimulere til frivillig innsats

Frivilligsentralen har som mål å rekruttere nye frivillige og behalde dei vi har. Vi har til saman 150 registrerte frivillige og av desse er ca 100 aktive. Dei skal føle seg høyrte, følgt opp, anerkjent og invaretekne. For å få til ulike aktivitetar og arrangement er vil heilt avhengige av frivillige, og dei er gull verdt. Den frivillige innsatsen gir nettverk, livsglede, god fysisk og psykisk helse og gir meining til kvardagen.

Vi har i 2025 gjennomført desse tiltaka for å stimulere til frivillig innsats:

- **treff for nye ålingar** - vår og haust med 70 nyinnflutte og sendt ut velkomstbrev til ca 160 stk.
- **grunnkurs i demens** - ved Margit Jordet - 2 kurs - 20 deltakarar
- **kurs i kommunikasjon med demente** - ved Margit Jordet - 2 kurs - 25 deltakarar
- **fyrstehjelpskurs** - kurshaldarar: tilsette ved Hallinghelse - 2 kurs - 25 deltakarar
- **vaffelonsdag** - open møteplass for frivillige på sentralen - november
- **blomehelsing** - til alle frivillige som fyller runde tal, i tillegg 75 og 85 år
- **frivilligfest/15-årsjubileum** - på Evjens med 55 frivillige og gjester til stades. Det er 15 år sidan frivilligsentralen vart etablert. Jubileumstale ved rådmannen, middag, utdeling av prisar, underhaldning, song og utlodning
- **frivilligprisar** - for 2025 gjekk til Sigrun Marie Johnsrud og Villy Johnsrud
- **hederspris** - gjekk til Grete Berg Evensen som vart overrekt på jubileet
- **kampanje** "trillevenn med elektriske rullestolar for bebuarar i Ål helsesenter"
1 opplæringdag og 1 oppfølgingsdag



Foto: Førstehjelpskurs, TH Gåsbakk



Foto: utdeling av prisar, TH Gåsbakk



Foto: 15-årsjubileum på Evjens, S. Bjerke

Stimulere til frivillig innsats

Dei frivillige har utført mange relasjonsbaserte oppdrag som går over tid, og andre frivillige har stilt opp på enkeltoppdrag. Resterande frivillig arbeid er oppsummert under møteplassar og samarbeid med andre.

Frivillige har gjennomført desse oppdraga i 2025:

- **Besøksvener/lesevener** - 5 besøksvener har vore hjå 7 brukarar
- **Følgjeteneste** - 4 frivillige som har hjelpt bebuarar ved Ål helsesenter til lege, lab. ol.
- **Gåvenn / trillevenn** - 5 faste trillevenner til bebuarane ved Ål helsesenter
- **Handling** - 2 dagar i veka der 11 frivillige har handla for 7 brukarar - ca 150 timar
- **Helsetunvertar** - 22 frivillige betjener ekspedisjonen på helsetunet alle kvardagar: 1.430 timar
- **Kontorarbeid** - koordinering av handling då leiar i frivilligsentralen har ferie
- **Kulturhusvertar** - 11 frivillige har vore vertar ved store arrangement på kulturhuset: 338 timar
- **Småjobbsentralen** - 4 kontordamer koordinerer alle oppdrag og fordeler desse ein dag i veka
- **Trivselsvener** - 5-7 faste trivselsvener til bebuarane ved Ål helsesenter
- **Utkøyring av bøker frå biblioteket** - 1 innbyggjar får bøker heimkøyr 1-2 gonger i månaden
- **Vakter på Skuletoppen** - hjelp som trafikkvakt ved skulestart
- **Vakter til kronprinsparbesøket** - 30 frivillige stilte opp som vakter i Myren
- **Vakter ved vaksininga** - 4 dagar vaksining i Ål idrettshall med 13 frivillige i aksjon



Møteplassar for barn og ungdom

Ål ungdomsfrivilligsentral skal leggje til rette for opne og inkluderande møteplassar for barn og ungdom på tvers av av kjønn, kulturar og føresetnader. Møteplassar er ein viktig del av folkehelsa, meistring og satsinga på bu- og blilyst.

BUA

Vi har, som i 2024, hatt stort trykk på utlån av fritidsutstyr ved BUA gjennom heile 2025. Det har vore ein liten nedgang i utlånet av utstyr, noko som kan grunngjevast med ein svært kort og dårleg vintersesong. Det har vore om lag 3 000 utlån, mot 3 600 året før. Filialen på Oppsjø har fungert godt, og skulen har nytta tilbodet fleire gonger i samband med symjeopplæring.

BUA har fått laga ein ny verkstadbenk med avtrekk, slik at vi no kan smørje og vedlikehalde utstyret sjølve. Vi har òg fått på plass ei eiga lausøyreforsikring som sikrar utstyret vårt betre.

Talet på brukarar har auka frå 588 til 717. BUA Ål bidrog i 2025 med 10.888 aktivitetstimar, og det meste populære utstyret var langrennsko, langrennsstavar og felleski.

BUA tek seg av det meste av vedlikehaldet sjølv og utfører dette, samt handlar lokalt, så langt det let seg gjere. Større reparasjonar av sykklar og andre ting som har betydning for tryggleiken, vert sette bort til lokale aktørar.

Vi har elles alle slags lånetakarar i BUA: barn, unge, unge vaksne og vaksne, arbeidsinnvandrarar, hyttefolk, besøkande og den øvrige befolkninga.



Foto: Olai og Eivind, på BUA , TH Gåsbakk

Hallung

HallUng har hatt fast tilbod på tysdagar og torsdagar for elevar frå 8. trinn til 1. vidaregåande, frå klokka 15.00 til 19.00.

Sundrehall vart leigd som ungdomsklubb heile 2025. Det er svært upraktisk å måtte flytte alle eigendelar inn og ut i samband med andre arrangement, og ein ungdomsklubb bør heller ikkje liggje i eit lokale som vert assosiert med fest og rusmiddel. Det har vore mindre kontinuitet i tilbodet enn det vi ønskjer. Det vart gjennomført befaringar for å finne ein eigen stad i 2025, men vi ventar framleis på ei politisk avgjerd.

Fritidskassa

Fritidskassa er eit tilbod som har vorte etablert for å hjelpe til der BUA ikkje strekk til. Den lokale fritidskassa er eit lågterskeltilbod og ei tilskotsordning for barn og unge i alderen 6–24 år. Formålet er å bidra til at alle skal ha moglegheit til å delta i organiserte fritidsaktivitetar som idrett, korps, speidar m.m., utan at økonomi skal vere eit hinder.

Det kan søkjast om økonomisk stønad til å dekke deltakaravgift, medlemskontingent, treningsavgift og utstyr til faste, organiserte fritidsaktivitetar. Kostnader knytte til uorganiserte fritidsaktivitetar kan òg bli dekte gjennom ordninga.

Det vart i 2025 delt ut 33 406 kroner i tilskot, fordelte på 16 saker.

Alle med

Alt vi skapar av aktivitet, gjer vi etter prinsippet ALLEMED.

Aktiv Ung er i dag eit så godt tilbod der alle barn og unge kan vere med og prøve ulike aktivitetar med tett oppfølging, at vi kan sjå på frivilligsentralen som eit supplement til dei. Då kan alle som føler at dei treng hjelp til å kome i aktivitet, ta kontakt med frivilligsentralen om dei ønskjer det. Slik kan vi bidra til å fange opp barn og unge som ønskjer å kome i aktivitet. Det er ikkje meldt om nokon behov til frivilligsentralen om individuell oppfølging av barn eller ungdom i 2025.

Med fritidskasse og BUA skal vi kunne tilby alt barn og unge treng for å delta i aktivitetar. Nytt for 2025 var at vi òg har søkt om kulturkortet, som dekkjer einskilte arrangement som kino, bowling og liknande, slik at barn og unge òg kan delta i sosiale aktivitetar. Vi får svar på dette i 2026.

Generasjonsmøter

Vi starta i haust opp med bordtennis på Sundrehall på tysdagskveldar som har vore opent både for unge og vaksne. Vi har ein frivillig som har teke ansvar for aktiviteten, og ca 8-10 stykk har vore innom, mange av desse nye ålingar og frå ulike land.



Foto: rafting på sommarcamp, S. Bjerke

Samarbeid med andre – barn og ungdom



Foto: Hundekøyring på Veståsen, S. Bjerke

Sommercamp

Vi hadde i år mindre midlar, og det vart difor berre arrangert camp for 5.–10. trinn, sidan dei yngre har andre tilbod som SFO og BUK. Campen gjekk føre seg over éi veke. Aktivitetane i 2025 var turn i turnhallen på Gol, rafting i Dagali, aktivitetsdag på Bråta og Oppsjø, samt arts and crafts på Sundrehall. Vi hadde òg besøk av brannvesenet, som gav deltakarane opplæring i redning og førebyggjande tiltak knytte til drukning.

Campen var eit lågterskeltilbod og heilt gratis for alle som ønskte å delta, og det vart henta inn aktivitetsleiarar etter behov. Samarbeid med Ål frisklivsentral og ungdomskonsulent

Hundekøyring

Den 27. februar vart det arrangert hundekøyring på Blåbærhaugen på Veståsen. Dette var ein gratis aktivitetsdag der over 100 personar møtte opp. Det vart tilbydd gratis hundekøyring for barn og unge, samt servering av pølser, saft og kaffi. Samarbeid med utviklingsavdelinga.

Sundreball365

Den 10. mai vart det arrangert heilaften for ungdom, med rusfri konsert på Tanken og etterfest på Sundrehall. Det møtte opp i overkant av 70 ungdomar. Det var eigen DJ, og det vart servert gratis mocktails, frukt og pølser. Samarbeid med Sundreball, Kilden og frivillige vaksne.

Rusfri konsert for all ungdom i Hallingdal

Den 10. juni vart det arrangert rusfri ungdomskonsert for ungdom frå heile Hallingdal. Det vart sett opp bussar og leigd inn artistar. Over 230 ungdomar deltok. Samarbeid med Ål ungdomsråd.

Open dag ved Oppsjø vasspark

Om lag 30 personar møtte opp. Det vart tilbydd gratis utlån av vådraktutstyr, samt servering av pølser og saft. Samarbeid med utviklingsavdelinga

Juleverkstad

20 personar deltok, inkludert tre eldre frå klubben. Det vart laga julepynt, og det vart servert julegraut. Samarbeid med Kilden.

Faste samarbeid

- Ungdomsteam
- SAFT
- Ungdomsråd
- Lokal fritidskasse
- Bu- og blilyst



Foto: Open dag, Oppsjø Vasspark
S. Bjerke



Foto: Frå venstre bak: Mille og Iggy.
Framme: Fomle og Finse,
T. Torgersen

Møteplassar for vaksne

Ål frivilligsentral skal leggje til rette for opne og inkluderande møteplassar for vaksne på tvers av av kjønn, kulturar og føresetnader. Møteplassar er ein viktig del av folkehelsa, meistring og satsinga på bu- og blilyst. Vi ynskjer at alle skal trivast i Ål.

Aktivitet og arrangement

Det er gjennomført til saman 700 aktivitetar og arrangement for barn, ungdom og vaksne som har skapt mange gode møteplassar gjennom året.

Vi har gjennomført desse møteplassane i 2025:

- **Badstugu** - 1 gruppe unge vaksne på kveldstid, 1 gruppe vaksne på dagtid og 1 gruppe vaksne på kveldstid, drop-in, ca 5-10 stk kvar gong og er bra besøkt.
- **Eta i lag** - arrangert middag i oktober på Sundrehall med 55 deltakarar. Midlar har vi fått av Buskerud fylkeskommune via Hallinghelse til prosjektet ABC for god psykisk helse.
- **Seniordans** - kvar måndag kl. 11.00-13.30 på kulturhuset - 25 deltakarar. 10 årsjubileum dette året med flott feiring på Makalaus mat med middag, taler og underhaldning. Dansegruppa reiser på regionale treff og dansar jevnleg saman med bebuarar ved Ål helse-senter. 3 danseinstruktørar og ca 100 timar timar frivillig arbeid er lagt ned.
- **Styrketrening** - 4 parti kvar veke på kulturhuset; 3 parti for damer og 1 parti for menn - 65 deltakarar totalt og fleire står på venteliste. 150 frivillige timar.
- **Sjølvhjelpsgruppe** - 2. kvar måndag på frivilligsentralen, 6 - 8 deltakarar. Denne gruppa har eksistert i over tre år - nokre har vore med heile tida, andre har gått ut og nye har kome til.
- **Swingdans for unge vaksne** - 2. kvar veke på kulturhuset - ca 10-12 deltakarar.
- **Språkfadder** - 5 frivillige har gjennom året vore språkfadder til nye ålingar for å snakke norsk, bli betre kjent i bygda og til sosialt fellesskap.
- **Språkkafé** - 2. kvar veke, ca 15 deltakarar frå Ukraina, Nederland, Grønland, Island, Syria, Fillippinene, India og Spania. Første halvår var det fleire av deltakarane som hadde denne aktiviteten som ein del av introprogrammet, og vi hadde bra besøk på kveldane. I haust har vi hatt svært få på språkkafé fordi det ikkje er ein del av introprogrammet, mange er i jobb og utfordring å kome seg ut på kveldstid. Vi må tenke nytt. Vi har ei flott frivillige gruppe på 8 stk.
- **Spanskkurs** - ca 2. kvar veke - ca 8-10 deltakarar. Denne gruppa har dei siste tre åra etablert ein fin møteplass for å snakke spansk og få undervisning av ein frivillig kursleiar.
- **Stakkeskjortekurs** - 8 kurskveldar på kulturhuset med 8 deltakarar. 25 frivillige timar.
- **Trening med baby** - kvar torsdag formiddag på kulturhuset - ca 25 deltakarar og 25 babyar. Dette er ein flott arena for mødre både til å vere fysisk aktiv og ein god møteplass. Fysioterapeut vore med ein gong, og seinare har mødrene teke ansvar sjølve for treninga.
- **Vaffeltreff** - på frivilligsentralen 1 gong i månaden for Småjobbsentralen som har vore godt besøkt av småjobbarane.



Foto: språkkafé, TH Gåsbygg



Foto: Badstugu Elvelangs, TH Gåsbygg



Foto: seniordansen, TH Gåsbygg

Samarbeid med andre – vaksne

Samarbeid er avgjerande for å skape aktivitet og arrangement, og vi har hatt mange vellykka samarbeid med lag, organisasjonar, andre avdelingar i kommunen og næringslivet. Vi har hatt 180 gjennomførte aktivitetar og arrangement saman med andre.

I 2025 har vi hatt mange gode samarbeid med andre i 2025:

- **Afternoon Tea & kino** - samarbeid med Ål kulturhus ein gong i månaden med oppstart i oktober
- **Beredskap** - ressurs i kriseberedskap i Ål kommune, delteke på møte i beredskapsrådet
- **Digital bygdis** - samarbeid med Pensjonistforbundet om datahjelp ca 2. kvar veke. Foredrag med Sparebank 1 Hallingdal Valdres om sikkerheit i ei digital verd
- **GNIST-prosjektet** - styret for frivilligsentralen var invitert til Sundrevandring som ein del av Gnist-prosjektet. Resultatet av vandringa har fått plass i Gnist sitt innsiktsarbeid.
- **Grytevakt** - samarbeid med Frelsesarmeen om tre dagar vakt ved julegryta på Ålingen.
- **Hørselstreff** - samarbeid med Hørselsforbundet Hol og Ål ein gong i månaden. 30 stk vore innom og fått hjelp og rettleiing om hørselshjelpemidlar
- **Ombruksfestival** - samarbeid med Ål bygdekvinnelag, Ål husflidslag om klesbyttedag, redesignkurs og reparasjonsverkstad av tøy.
- **Sjølvhjelpsarbeid** - faste møter med Hallinghelse og ressursgruppa i Ål kommune
- **Skriveverkstad** - samarbeid med biblioteket om skriveverkstad med Kristi Kinsarvik 8. april.
- **Småjobbsentralen** - dagleg leiar er med i styret og hjelper til med ulike kontoroppgåver. 174 ulike oppdrag, 59 røykvarslarar er kontrollerte og montert nye hjå 16 stk.
- **Strategikonferanse** - vart arrangert i juni for andre gong. Her kom det fram gode idear til framtidig frivillig innsats. Tiltaket "Eta i lag" er eit resultat av strategikonferansen 2025.
- **Trivselskomiteen Ål helsesenter** - faste møter om ulike aktivitetar og frivillig innsats
- **Vaffel & Velvære** - samarbeid med VGI ved Ål videregående skole - 3 fredagar i januar
- **Verda Vår** - samarbeid med kulturhuset og biblioteket om 4 laurdagsarrangement. Vi har blitt betre kjent med innbyggjarane våre frå Ukraina, Tyrkia, Nederland og Latin-Amerika som har bydd på mat og kultur. Vellykka arrangement med ca 50-60 besøkande kvar gong.
- **TV-aksjonen** - arrangert felles skuleløp for elevar på Bråta idrettspark i samarbeid med barneskulene og Ål ungdomsskule. På aksjonsdagen har vi hatt samarbeid med 9. trinn ved Ål ungdomsskule, elevar ved Ål folkehøyskule for døve, Ål lions, Ål Rotary og LHL Ål. Ål kommune vart fjerde år på rad best i fylket med kr 121,30 pr. innbyggjar.
- **Ålympiske leikar** - samarbeid med verneombod og HR i kommunen, samt bulystteamet om arrangementet for tilsette på Bråta 3. september med servering, aktivitetar og premieutdeling.



Foto: datahjelp,
TH Gåsbakk



Foto: Ålympiske leikar Bråta,
TH Gåsbakk



Foto: Klesbyttedagen,
TH Gåsbakk

Å gjere frivilligsentralane synleg

Frivilligsentralane har som mål å kommunisere ut tenestene og aktivitetane sine på ulike informasjonskanalar for å nå ut til dei som ønsker å delta.

- **Nettsider** - frivilligsentralen brukar Invi, system via Norges frivilligsentral. Nettside med kalender, nyheiter og oversikt over alle aktivitetar. Ål ungdomsfrivilligsentral har i 2025 etablert si eiga nettside i dette systemet for å synleggjere aktivitetar for barn og unge.
- **Framsnakke det frivillige arbeidet**
 - **“Det frivillige gullet”** - prosjekt med å utvikle og implementere rutinehandbok for å synleggjere det frivillige arbeidet i helse
 - **Markering av Eldredagen** - stand på kulturhuset på Eldredagen 1. oktober. Frivilligsentralen tok ansvar for all mat og servering under markeringa
 - **Møtelokale** - frivilligsentralen tilbyr organisasjonane å låne møtelokale gratis på sentralen. Det har vore stor pågang av å låne lokala til møter både på dag- og kveldstid.
 - **Eldrelaget** - informasjon om frivilligsentralen på medlemsmøte til Ål Eldrelag på Kårstugu
 - **Fritidsmessa** - stand inne på Ålingen under haustmarknaden 30. september. Frivilligsentralen har vore med og koordinert arrangementet.
 - **Personalmøte** - informert tilsette på avd. Stugu om rolla til dei frivillige.
 - **Skrivehjelp** - frivilligsentralen hjelper organisasjonar som har behov for informasjon og hjelp til å fylle ut søknader til økonomisk støtte og evt. anna kontorarbeid.
- **Velkomsttreff for nye ålingar** - informert om aktivitetar til frivilligsentralen på treffa.
- **Sosiale media og apper** - frivilligsentralane har fire facebookprofilar som blir brukt til å leggje ut aktivitetar og synleggjere frivillig arbeid: Ål frivilligsentral, BUA Ål, Hallung og Ung i Ål. Facebook fungerer fint med å nå dei vaksne. BUA Ål har eigen instagramkonto. Ål-appen har blitt brukt for å synleggjere aktivitetar i 2025, men vart avslutta ved nyttår då det ikkje var ressursar til å ha den daglege ajourføringa på appen. I tillegg var det få organisasjonar som la ut aktivitetane sine her.
- **Hallingdølen** - Ungdomsfrivilligsentralen har hatt to sider i januar 2025 om BUA og fritidskasse. BUA har også blitt omtala i andre artiklar. Ei side om Friluftslivets år i februar og om TV-aksjonen i oktober. I tillegg har frivilligsentralen sendt inn til avisa årsmelding for Ål seniordans og omtaler til Hallingnytt av Verda Vår arrangementa. Styreleiar har sendt inn lesarinnlegg kva betydning det ville vere å stenge frivilligsentralen to kveldar i veka. Frivilligsentralen har invitert Hallingdølen på fleire av dei store arrangementa våre utan og lykkast med å få dei på besøk.



Utstyr og støtte til fritidsaktivitetar: – Ein kjem ikkje langt med slalåmutstyr, om ein ikkje har heiskort

[...] Lokal fritidskasse [...] Dei synest difor at fritidskasse er eit supert tilbod. [...] – Fritidskasse dekkjer ikkje kommunale aktivitetar og lovpålagde tenester, som kulturskule. [...]

Publisert: 16.01.2025



Foto: stand på Eldredagen, TH Gåsbygg



Foto: stand på Fritidsmessa, TH Gåsbygg



I 2025 har Friluftslivets år vore eit stort og vellukka samarbeidsprosjekt. Målet var å skape begeistring for eit naturvenleg friluftsliv og senke terskelen for å delta. Ål kommune har hatt ein komité som har koordinert aktivitetar og arrangement der aktivitesleiar og dagleg leiar i frivilligsentralen har vore med. Vi har fått midlar både frå kommunen og Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres for å skape aktivitetar gjennom Friluftslivets år.

Dette har komitéen jobba med:

- laga 8-siders brosjyre om Friluftslivets år og sendt ut til alle husstandar i Ål
- gitt støtte til 9 lag/organisasjonar/avdelingar/einskildpersonar gjennom potten vi har hatt til disposisjon
- byte av friluftsutstyr 24. april, arrangør: BUA Ål
- styrketrening på Bråta 13. mai, arrangør: Ål frivilligsentral
- foredrag og sykkelstur med Teresie Hommersand 29. og 30. august, arrangør: Ål bibliotek / BUA Ål
- fakkelvandring Elvelangs 10. oktober, arrangør: Mental helse Ål, Ål frivilligsentral, Ål bygdekvinnelag og Ål historielag.
- Jul på Sundre 30. november. - tenning av juletre og lysvandring. Komiteen hadde bål og serverte varm drikke på Torget.
- Delte ut bålpanner til alle skulene med midlar frå Friluftslivets år.



Foto: sykkelstur med Teresie Hommersand, S. Bjerke

Sluttkommentar

2025 har vore eit aktivt og innhaldsrikt år der vi har opplevd stort engasjement og vilje for frivillig innsats. Vi har også hatt stort fokus på å ta vare på det “frivillige gullet” med å tilby kurs og oppfølging. Det har blitt etablert fleire nye møteplassar og aktivitetar, og vi ser at nokre aktivitetar går ut på grunn av mindre behov og ressursar.

Forutan den store frivillige innsatsen, er samarbeid med lag, organisasjonar og andre avdelingar ein suksessfaktor for sentralane våre. Det er svært positivt å ha lokala våre i Ål kulturhus, “Den tredje heimen”. Sentralen er lett tilgjengeleg, og det betyr mykje å kunne nytte dei ulike salane og klasseromma på kulturhuset til aktivitetane våre samt nærleiken til BUA. Dette gjer kulturhuset til eit flott sambrukshus for veldig mange. Strategikonferansen er viktig for oss som gir eit blick frå andre med gode innspel til framtidig frivillig innsats.

Vi opplever det svært positivt å ha to sentralar med to faste stillingar som er god til å samarbeide og hjelpe kvarandre med ulike arbeidsoppgåver, koordinering, arrangement og aktivitetar.

*Styreleiar vil takke dagleg leiar, aktivitetsleiar og resten av styret
for eit fantastisk samarbeid i året som har gått.*

*Ida Marie Holen
styreleiar Ål frivilligsentral*



Foto: skuleløp til TV-aksjonen på Bråta, Turid Hilde Gåsbakk